



Elevane hadde stor suksess med sjølv laga julespel

Fleire og overraskande høgdepunkt prega julegranteninga i ettermiddag sjølv om den gode, gamle ramma var på plass. Ei gruppe av elevar frå klassane 6,7 og 8 framførte eit julespel dei hadde laga sjølve og Børsdalsnissen fekk juleblomen til Kvinnheringen for lang og tru teneste. Damevennene skal også krediterast for eit nytt og populært innslag i Helgheim - pepperkakepynting!



Børsdalsnissen fekk juleblomen. Han har no gått over til moderne transportmidlar etter at han måtte slakte den siste reinen sin. Det kvarterlange julespelet som var ein vellukka mikks av song, dans og sketsjar bør bli ein tradisjon og utviklast vidare. Her har elevane lagt for dagen ein kreativitet som langt eldre aktørar har mykje å læra av. I eit anna hjørne av Helgheim var sjetteklassingar igang med eit spesielt sal i noko dei kalla krukkeri - det var krukker med ymse innhald og inntekta gjekk til ei sjuandeklassetur! Kreativiteten har visst ingen grenser på denne skulen!



Musikklaget spela som i alle år før

Når det gjelder Børsdalsnissen held han koken etter mange år i førjulsteneste både her og der - til og med i Torghuset på Husnes. Han har gledd mange i fleire bygder men særleg trufast har han sjølvsagt vore mot sitt kjære Uskedalen og ikkje minst Børsdalen der nissefamilien lever i tronge kår. Sjølv har han imidlertid eit sosialt sinnelag som ikkje minst kjem til uttrykk i møtet med nye landsmenn. Årets julegrantenning hadde truleg noko mindre oppslutnad enn det vanlege i dei siste åra og ein kan ikkje anna enn å skulda på veret. Som tradisjonen tilseier var det rikeleg servering i fleire lokalar og musikklaget spela før og etter tenninga. Også i år var handarbeid frå private produsentar til sals i Helgheim der også dei lokale produsentane Elins Matgleder og Friheim Gardsmat var å finna.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Elvira Haugland Bondhus var ein av dei som prøvde seg på pepperkakepynting